



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18530 - 22/73219

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
23.09.2022

## Ferdigattest løfteplattform - gbnr 345/59 Vikebø

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1026/22  
**Tiltakshavar:** Alver kommune  
**Ansvarleg søkjar:** Thyssenkrupp Home Solutions Nv Filial Norge  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for plattformheis frå kjellar til første etasje på gbnr 345/59. Tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksending krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.12.2020. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.08.2022.

### Skildring

Adresse:	Skintveitvegen 11
Bygningstiltak:	Kombinert barne- og ungdomsskole
Bygningsnummer:	176009861

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/18530

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Thyssenkrupp Home Solutions	Postboks 6877	0504	OSLO
Nv Filial Norge	Rodeløkka		